

Sparebankstiftinga - 5 år med gåver.

10.01.2017



GULL AV GRUS-prosjektet har fått gåver.

Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad vart skipa 1 november 2010, som eit resultat av at Kvinnherad Sparebank vart fusjonert med Sparebank 1 SR Bank. Stiftinga fekk eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SR Bank tilsvarande kr. 330 mill og eit kontantbeløp på kr. 20 mill.



Skulekorpsa i kommunen har fått gåver både til inspirerande samlingar og instrument.

Sparebank 1 stiftinga sit i dag med 6.226.583 aksjar i Sparebank 1 SR Bank. Aksjekursar vil alltid svinga og for å sikra framtidige gaveutdelinger er det oppretta eit gavefond i stiftinga.

## GAVER.

Sparebankane har lange tradisjonar med å dela ut ålmennytige gaver. Sparebankstiftingane er gjennom lovverk og vedtekter pålagt å vidareføra desse tradisjonane. Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad har sidan 1. gaveutdelinga hausten 2011 handsama 985 søknader frå lag, foreiningar, stiftingar og friviljuge organisasjonar i Kvinnherad, Stord og Odda.

Det er til no delt ut kr. 32.165.000,- fordelt på 472 gaver. I tillegg er det reservert, men ikkje tildelt kr. 2.385.000,-  
**Av større tildelinger i Kvinnherad over 5 år kan nemnast: ( Tal i tusen kr)**

- Nærmiljøanlegg, aktivitetsparkar, ballbinger 3.800
- Forsamlingshus, Grendahus 3.703
- Musikkлага i Kvinnherad 1.705
- IL Trio, ulike prosjekt 1.620
- Rosendal Turnlag, ulike prosjekt 1.287
- Strandulv IL, ulike prosjekt 1.090
- Uskedalen IL, ulike prosjekt 1.017
- Rosendal samfunnshus 900
- Halsnøy samfunnshus 610
- Galeas Gurine 610
- Baroniet i Rosendal 600
- Husnes kulturhus 550
- Fjellhaugen skisenter 490
- Kvinnherad Røde Kors lokalforening 638
- Røde kors omsorg, tiltak, hygge for eldre 385
- Alle friviljuge lag ved kulturtoret 300
- Sansehagen ved Husnestunet 300
- Kvinnherad kulturskule ( til flygel) 250
- Alders og sjukeheimane, tiltak for bebarane 200
- Refleksvestar til alle barnehagar og skular 120
- Ny idrettshall ( reservert, ikkje tildelt ) 2.000
- Allmennytig næringsutvikling ( reservert, ikkje tildelt) 350

Gavetildelingane er mulige som ein følge av at Sparebank 1 SR Bank gjev utbytte på aksjane som Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad har i banken. Dermed vert stiftinga sitt samfunnsansvar og sparebanktradisjonane i nærmiljøet vidareført, til glede for lag og organisasjoner.

Tilbakemeldingane frå gavemottakarane er at gavene er med og løftar det frivillige engasjement og innsats innan idrett, kultur, oppvekstmiljø, kunnskap, omsorg, friluftsliv og forsamlingshus. Mange prosjekt og aktivitetar i lokalsamfunnet vårt for barn, ungdom og eldre er i gong kvar einaste dag. Dette er takka vera lojale kundar i ( lokalbanken ) Sparebank 1 SR Bank.

Med ønske om eit Godt Nyttår.

**For styret i Sparebank 1 stiftinga Kvinnherad**

Svein Arne Eidsvik styreleiar



Festidalen og andre store arrangement har god nytte av utstyrspoolen som stiftinga har bidrøye til.

Nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen og Thor Inge Døssland